

Del A, kortvarsoppgåve.

### Miljøbevisst kamflyrikk

I retorikken nyttar ein ofte patos for å overtyda målgruppa. I 2016 gav Svanemerket ut kampanjen «Redd verden. Litt hver dag» i *Adresseavisen*. I sin kampanje nyttar Svanemerket ei rekke språklege verkemiddel for å spille på folket sine følelsar.

Det første ein ser, er eit stort bilet av ein brennande regnskog med logoen for Svanemerket i kontrast. I staden for den normale, grøne logoen dei fleste er vande til, er logoen fylt med ein frodig, grøn regnskog. Nedst på biletet står overskrifta. Vi finn òg ein verbaltekst til venstre for biletet. Teksten inneholder to avsnitt, der Svanemerket fortel kvifor vi bør ta val som er gunstig for miljøet.

Den samansette teksten nyttar mange verkemiddel for å skape patos hos målgruppa, som ein kan seie er forbrukarane som «[...] kjøper dagligvarer, klær og ting til huset.». Svanemerket skapar ei kjensle av at vi kjempar ein krig mot miljøutfordringane. Vi finn ord som «kjemper», «kampen» og «blitzregn» som gir konnotasjonar til ein blodig kamp. Ein slik syntaks og ordbruk kan minne nokre lesarar om kamflyrikken i perioden 1935-1945. Det er nok heller inga overdriving å seie at nytta av kontrast er sterkt. Den store kontrasten mellom den brennande regnskogen og logoen som er fylt med ein illustrasjon av skogen slik den *bør* vere, gjer at lesarane vil tenke: «Noko må gjerast.». I andre og siste avsnitt av teksten får vi vite at ved å ta djuptenkete kvardagsval, blir miljøgevinstane store – dette er enkelt, så lenge ein kjøper produkt med Svanemerket.

I kampen for å gjere folket meir miljøbevisst, vel mange å spille på følelsar. Dette gjeld òg for Svanemerket, som nyttar blant anna kontraster for å overtyde lesaren.

### Kjelder

Andresen, Øyvind et. al.: Signatur 3, Fagbokforlaget, Bergen, 2013.

«Redd verden. Litt hver dag», kampanje for Svanemerket, *Adresseavisen* 09.09.2016

Del B, langvarsoppgåve.

Oppgåve 3:

Folkedikting i dag

Det er neppe ei overdriving å seie at 1840-åra er Noregs nasjonalromantiske tiår. Då reiser mange ut for å finne den norske folkesjela, noko dei fleste meinte vi ville finne i folkediktinga. Til dømes gir Asbjørnsen og Moe ut *Norske Folkeeventyr*, som inneholder forteljingar folket på landet fortalte til kvarandre, og Cröger og Landstad gir ut *Norske Folkeviser*. I dag, over 200 år seinare, finn vi fortsatt trekk frå folkediktinga i tekstar. I 2016 gav Erna Osland ut «Ørnjenta» frå samlinga *Gullfalken. Ni nye eventyr*. I denne teksten finn vi mange trekk frå folkediktinga.

Som nemnt i innleiinga, drog Asbjørnsen og Moe ut på landet for å samle norske folkeeventyr. Dei var inspirert av blant andre Herder, som meinte at ein fant folkesjela på landet, og brørne Grimm, som drog ut på landet i Tyskland og samla tyske folkeeventyr. Det var då Asbjørnsen og Moe drog ut, at vi blei kjende med eventyr som til dømes «Oskeladden». Dette er eventyr som er verken sted- eller tidfestet, og handlar som jamnast om Oskeladden som løyser eit problem. I eventyret sitt klimaks entrar som jamnast hovudpersonen inn i ei magisk verd, der spenning og farar ventar. Dei tradisjonelle norske folkeeventyra har alltid ein lukkeleg slutt - «[...] og dei levde lukkeleg i alle sine dagar.».

Motivet i «Ørnjenta» er ei jente, foreldra hennar og resten av bygda som ikkje får mat. Dei får ikkje mat fordi ørna tek lufta, som igjen gjer at det ikkje blir vind og regn. Ørna er så stor og kongeleg, at ho kan ta det mest fundamentelle frå menneska. Dermed sluttar ting å vekse. For å løyse problemet, spør jenta ørna om å komme tilbake med det menneska treng for å overleve, nemleg naturkreftene. Ørna vil først ikkje dette, så ho kidnappar jenta, slik at ørnungane hennar kan få mat. Jenta gir seg ikkje utan kamp – ho klatrar opp på ryggen til ørna og riv ut fjøra hennar. Ørna vil ikkje miste fjøra sine, og blir saman med dei andre fuglane einige om å gi vinden tilbake til menneska. Dermed får ørna behalde sine fjør og jenta, foreldra og resten av bygda deira får tilbake moglegheita til å hausta inn mat og jakte dyr.

Teksten er òg bygd opp som eit tradisjonelt eventyr. Det er verken sted- eller tidfesta, utanom første setning: «For lenge – lenge, lenge – sidan var det ei jente som blei så svolten at ho fanga ei ørn.». Allereie her kan vi sjå eit typisk trekk frå folkediktinga, kor vi får vite at hendelsen skjedde for lenge sidan. Vi blir også fortalt kva som skal skje i teksten. Dersom ein tekst blir innleidd slik eller «Det var en gang [...]», vil dei fleste av oss tenke på eventyr med ein gong. Teksten følger òg nokre episke lovar: innleiingsloven, som seier at eventyr skal

starte rolig. I tillegg følgjer han kvileloven som inneber at han avsluttar med at alt ordnar seg. Vi finn også fleire døme på tretalsloven, som seier at viktige hendingar skal skje tre gonger. Eit døme på dette, er då ørna prøvar å komme med eit kompromiss for å få jenta til å slutte å rive ut fjøra hennar: Ho kjem med to forslag som jenta seier nei til, før dei blir einige om eit tredje forslag. Etter at ørna og jenta har blitt einige, blir alle fornøgd og lever lukkeleg alle sine dagar.

Sjølve innhaldet i teksten inneheld typiske trekk frå folkediktinga. Vi kan karakterisere teksten som eit dyreeventyr, som vil seie at det handlar om dyr med menneskelege eigenskapar. Teksten er skriven med ein autoral, refererande forteljartype, som inneber at vi får vite kva karakterane gjør, men ikkje kva dei tenker. Ein slik forteljartype held på spenninga, og er typisk for folkeeventyra. Handlinga er kronologisk, som vil seie at det verken er noko fram- eller tilbakeblikk, utanom i første setning. Vi finn og ein kontrast mellom godt og vondt i karakterane – jenta er den typiske, gode hovudpersonen som bryr seg om hennar foreldra og bygda hennar, og ørna er den typiske vonde antagonistin som vil ha jenta til mat for ungane sine. Teksten utartar seg dermed til å bli ein kamp mellom godt og vondt, og han inneholder ein moral. Ein kan si at moralen er at om ein gjør gode handlingar, vil ein bli lønt godt. Teksten inneholder òg nokre detaljar som i verkelegheita ville ha vore eit grotesk syn – menneske som er så svoltne at dei skrik, og barn som skal bli fuglemat. Slike små, groteske detaljar er typisk for folkeeventyra, til dømes prinsar som blir til froskar og øre som blir svidd av.

Ein kritisk leser vil kanskje kunne innvende at det er nokre liknament mellom dei tradisjonelle, norske folkeeventyra og sagaene frå norrøn tid. Dette var òg munnleg overførte forteljingar før dei ble skriven ned. Nokre av kjenneteikna på sagaene er at dei alltid omhandlar ein konflikt mellom to (eller fleire) personar, forteljaren er autoral refererande og det er ingen overflødige detaljar. Disse kjenneteikna finn vi i «Ørnejenta», likevel vil nok dei fleste finne fleire teikn i teksten som tyder på at han er inspirert av folkediktinga.

Ein kan òg sjå at det er nokon kjenneteikn på folkedikting som *ikkje* er med i teksta. Til dømes starter han ikkje som mange av dei typiske folkeeventyra med «Det var en gang», og han sluttar heller ikkje med «Snipp, snapp snute.». Vi finn heller ikkje noko faste uttrykk som «langt om lenge» og «lenger enn langt», som ein ofte finn i dei tradisjonelle eventyra. Jenta får heller ikkje noka hjelp til å overvinne ørna. Likevel synast det å være nok kjenneteikn til å karakterisere teksta som eit eventyr, med både gjentaking, kontrastar, kamp og dyr med menneskelege eigenskapar.

Folkediktinga har gjennom åra ikkje berre fungert som underhaldning. Dei har bidrige til oppseding, til dømes ved å fremme moralske verdiar. Til dømes er jenta ei «[...] lur, lita jente» som ønsker det beste for foreldra hennar og bygda hennar. Ho fremmar dermed verdiar som godleik og kjærleik til familien hennar. Kjærleik til familien kan vi sjå då ho seier at ho ikkje vil bli barnet til ørna: «[...] dei var snille, dei også (foreldra), enda om det var vanskeleg for dei å skaffe mat nett no.». Folkediktinga har også bidrige til å skremme barn til å ikkje gjere farlege ting, i denne samanheng skal ein passe seg for ørna. Ein kan tenke seg at frykta for «Nøkken» har halde mange folk unna mørke tjern.

Folkediktinga har inspirert forfattarar i ei årrekke til å skrive tekster som inneheld trekk av dei gamle folkeeventyra. Dette har resultert i at vi i dag har eventyr som fleire generasjonar har lese, samt nye eventyr som ikkje enda er like kjend. Dette bidreg til at den norske folkediktingstradisjonen blir opprettheldt, og arven vil bli ført vidare. Erna Osland har skrive ein tekst som inneheld fleire kjenneteikn frå folkediktinga: til dømes episke lovar, ei kronologisk handling og han fremmar moralske verdiar. Som konklusjon kan ein si at Osland er ei av fleire forfattarar som nyttar gamle tradisjonar i sin dikting.

#### Kjelder

Andresen, Øyvind et. al.: Signatur 3, Fagbokforlaget, Bergen, 2013.

Osland, Erna. «Ørnejenta». *Gullfalken. Ni nye eventyr*, Oslo: Samlaget, 2016